



Arkivsaknr: 2023/2060-49
Sakshandsamar: Asbjørn Nagell Toft
Avdeling: Plan, bygg og oppmåling

SAKSFRAMLEGG

Godkjenning av Planstrategi 2024-2027 for Austrheim kommune

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune godkjenner **Planstrategi for Austrheim kommune 2024–2027**.
Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 10-1.

Politisk handsaming
Saka skal til innstilling i formannskapet.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Austrheim kommune skal godkjenna **Planstrategi for Austrheim kommune 2024–2027**.
Plan- og bygningslova sin § 10-1 pålegg alle kommunar innan eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre å utarbeida og vedta ein kommunal planstrategi. Det nye kommunestyret får her høve til å vurdere korleis planverket til kommunen svarar på dei utfordringane som kommunen ser som viktigast i perioden. Planstrategien er ikkje formelt bindande, og kommunestyret kan seinare gjera endringar og prioritera om, dersom det er gode grunnar for det.

Saksopplysningar

Noverande planstrategi for Austrheim kommune gjeld for perioden 2020 – 2024. Den nye planstrategien som skal gjelde i perioden 2024-2027 har med ein oversikt over planar som vart laga før 2016, men den inneheld og ein oversikt over kva som har skjedd av større

planarbeid i kommunen i perioden 2016-2024. Den nye planstrategien har ein teke utgangspunkt i Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027. Innspel frå fylkeskommunen og Statsforvaltaren i Vestland er og vurdert i planstrategien vår. Dei nye nasjonale forventningane har fem overordna perspektiv:

- Samordning og samarbeid i planlegging**
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn**
- Velferd og berekraftig verdiskaping**
- Klima, natur og miljø for framtida**
- Samfunnstryggleik og beredskap**

Vestland fylkeskommune har i brev dagsett 05.12.2023 kome med synspunkt på innhaldet i dei kommunale planstrategiane i Vestland. I brevet viser dei regionale føringar og nyttig kunnskapsgrunnlag som fylkeskommunen har. Vidare vert det vist til Utviklingsplan for Vestland 2024 – 2028 – som er den regionale planstrategien, og til kunnskapsgrunnlaget som ligg i Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024 – 2028. Vidare vert det vist til at folkehelseoversikt er ein lovpålagd del av kunnskapsgrunnlaget for arbeidet med kommunal planstrategi. Utfordringsrapporten peikar på berekraftsutfordringar, konflikhtar og dilemma som er eller kan oppstå på tvers av dei ulike utfordringsområda vist i rapporten. Desse er:

- regional, by- og bygdeutvikling**
- klima og energi**
- livskvalitet og like moglegheiter**
- naturmangfald og areal**
- verdiskaping og kompetanse**
- samt samarbeid, kunnskapsutvikling og innovasjon.**

Statsforvaltaren i Vestland har i brev dagsett 02.02.2024 til alle kommunane i Vestland innleiingsvis skrive om kommunane sine pliktar knytt til planlegging. Han viser mellom anna til folkehelselova, rikspolitiske retningslinjer for barn i planlegging, samt dei statlege planretningslinjene. I brevet vart det vist til konkrete tema i arealplanar som er viktig å følgje opp. Både jordvern, naturmangfald, beredskap og FN sin Naturavtale frå desember 2022 er teke opp som viktige tema.

Kommunestyret i Austrheim kommune la i møte den 20. juni 2024 planstrategi for Austrheim kommune 2024-2027 ut på høyring. Dette vart annonsert i lokalavis og på heimeside, mange aktørar har og vorte tilskrivne om dette. Det er kome inn to merknadar til planstrategien som no har vore på offentleg ettersyn i 8 veker.

1.Statsforvaltaren i Vestland sin merknad (vedlagt) er datert den 12.08.2024. Han oppmodar oss til følgjande (utdrag): *Ut frå noverande mål om ei berekraftig samfunnsutvikling, rår vi til at kommunen gjer ei ny vurdering av om heile, eller deler av, arealdelen bør reviderast.*

Han skriv og at: *Under folkehelsearbeid i planstrategien viser de til at born som bur i hushald med vedvarande låg inntekt har auka dei siste ti åra og at ein av fire ungdommar ikkje fullfører vidaregåande skule. Ifølgje oppvekstprofilen til Folkehelseinstituttet, ligg Austrheim også signifikant dårlegare enn landsnivået når det kjem til barn med barnevernstiltak og trivsel i skulen blant 7. klasse. Vi forstår at de har utarbeidd ein temaplan oppvekst i 2024, men planstrategien tydeleggjer ikkje om denne tematikken er løfta inn her.*

Austrheim kommune sin kommentar: Arealstrategiar vert vurdert i kommuneplanen sin samfunnsdel. Det vert ikkje rulling av kommuneplanen sin arealdel i denne kommunestyreperioden. Temaplan oppvekst i 2024 tek og opp tema som Statsforvaltaren nemner her. Me tek elles merknaden til orientering.

Statsforvaltaren kjem og inn på følgjande tema og merknad til kvar av desse under (utdrag):

Kompetanse, rekruttering og aldersvenleg samfunnsplanlegging

De viser også til forventningar om å løfte kompetanse og rekrutteringsplanlegging på helse- og omsorgsfeltet særleg, inn i samfunnsplanarbeidet. Det er ikkje tydeleg i kor i planverk Austrheim vil løfte desse utfordringane. I oversikta over planar ser vi at de mellom anna skal lage plan for helse og velferd, og temaet blir kanskje løfta inn her.

Austrheim kommune sin kommentar: Plan for helse og velferd, men og plan for demenseomsorga vil og ta opp tema som Statsforvaltaren nemner her. Me tek elles merknaden her til orientering.

Konvensjonen for personar med nedsett funksjonsevne (CRPD)

Å bygge opp kompetansen på CRPD, og arbeidet med å oppfylle rettane til personar med funksjons-nedsetting, krev forankring og prioritering. Å integrere CRPD i overordna planverk, kan bidra til å sikre nødvendig forankring.

Austrheim kommune sin kommentar: Kommuneplanen sin samfunnsdel tek opp tema som Statsforvaltaren nemner her. Det gjeld og plan for helse og velferd. Me tek elles merknaden til orientering.

Bustadsosial planlegging

Med bakgrunn i kommuneplanens samfunnsdel bør kommunen vurdere å utarbeide ei ny bustadplan eller bustadsosial handlingsplan, då den førre er frå 2013. I den samheng vil Statsforvalteren vise til den nye Bustadmeldinga, som vil være førande på det bustadpolitiske- og bustadsosiale feltet framover. Se; Meld. St. 13 (2023–2024) - regjeringen.no.

Austrheim kommune sin kommentar: Kommuneplanen sin samfunnsdel tek opp tema som Statsforvaltaren nemner her. Austrheim kommune har elles regulert mange bustadområde

som det no kan byggjast bustadar på, som ivaretek bustadsosial handlingsplan frå 2013. Det gjeld både tilrettelagde bustadar for eldre, men og for andre trengande som treng bustadar framover. Reguleringsplanar er godkjent for tilrettelagde bustadar både i og ved kommunesenteret, men og i den andre skulekrinsen/tettstaden som er på Kaland. Me treng handling/bygging no, ikkje nye overordna planar for dette. Me tek elles merknaden til orientering.

Samfunnstryggleik og beredskap

Vi har elles notert oss at kommunen opplyser at overordna beredskapsplan skal reviderast/oppdaterast fortløpande/årleg og at den heilskaplege ROS-analysen nyleg er oppdatert.

Vi gjer likevel merksam på at det er tilsvarande krav knytt til kommunen sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsansvar i diverse anna sektorlovgiving og som må følgjast opp, t.d. innan brann og redning, helse og omsorg, HMS osb. Følgjeleg må desse oppgåvene omtalast i planstrategien.

Vi vil òg rå kommunen til i størst mogeleg grad å ha ei heilskapleg og systematisk (gjennomgåande) tilnærming til temaet samfunnstryggleik og beredskap, uavhengig av sektor, slik at ein ser ting i samanheng.

Austrheim kommune sin kommentar: Kommuneplanen sin samfunnsdel tek opp tema som Statsforvaltaren nemner her. Austrheim kommune har i 2024 fått godkjent ny KommuneROS. Me tek elles merknaden til orientering.

Landbruk

Det er viktig at kommunen følgjer opp driveplikta, og vurderer å rullere landbruksplanen frå 2017. Han skriv og at: Det er viktig at kommunen følgjer opp forbodet om nydyrking av myr. Klimagassutsleppa pr produsert eining er lågast på areal med god jord og godt lokalklima. Det er difor viktig å verne om jordbruksareala. Dei beste jordbruksareala er allereie er dyrka opp, og store delar av dei ligg der busetnad og byggeaktivitet er størst.

Austrheim kommune sin kommentar: Kommuneplanen sin samfunnsdel tek opp tema som Statsforvaltaren nemner her. Austrheim kommune følgjer opp lovverket på desse områda, men me trur og at Stortinget bør fokusera meir på driveplikta og utviklinga av kystlandbruket framover. Klima og energiplanen vår frå 2022 omhandlar og det som Statsforvaltaren tek opp her. Det gjeld og kommunedelplanen for naturmangfald som er under arbeid no. Landbruksplanen frå 2017 er fullt ut brukande enno, men me vonar at Stortinget legg opp til betre lønsemd i landbruket framover. Me tek elles merknaden til orientering.

Klima

Noreg skal i 2030 ha redusert utsleppa av klimagassar med minst 55 % av nivået i 1990 (Parisavtalen) og i 2050 skal Noreg vere eit nullutsleppssamfunn. For at landet skal nå desse måla, er det avgjerande at kommunane kuttar alle moglege utslepp frå eigen verksemd, samt utnyttar alle moglegheiter som planmynde og som samfunnsutviklar, samt ved innkjøp av varer og tenester.

I Austrheim er 11,6 % av arealet myr. Nedbygging av myr fører til store utslepp av klimagassar. Det er enno ikkje vedtatt eit forbod mot bygging på myr, men kommunen kan og bør allereie no unngå at myr vert øydelagt.

Austrheim kommune sin kommentar: Kommuneplanen sin samfunnsdel tek opp tema som Statsforvaltaren nemner her. Austrheim kommune sin kommunedelplan for Klima og energi frå 2022 omhandlar det som Statsforvaltaren tek opp her. Det gjeld og kommunedelplanen for naturmangfald som er under arbeid no. Det er handlingsplanar med i desse planane som viser kva kommunen bør og skal gjera. Me tek elles merknaden til orientering.

Naturmangfald

Austrheim kommune held på å utarbeide ei kommunedelplan for naturmangfald. Det er bra at kommunen prioriterer dette arbeidet. Oppdatert kunnskap om naturmangfaldet, saman med nye nasjonale mål om å redusere tapet av natur, bør også inngå i vurderinga av om kommuneplanen bør rullerast.

Austrheim kommune sin kommentar: Kommuneplanen sin samfunnsdel tek opp tema som Statsforvaltaren nemner her som gjeld arealstrategiar. Austrheim kommune sin kommunedelplan for naturmangfald er under arbeid no, den gir og føringar til arealstrategiar til kommuneplanen sin arealdel når den skal rullerast. Me tek elles merknaden her til orientering.

Austrheim kommune sin sluttkommentar:

Austrheim kommune viser til kvar kommentar frå oss over og tek elles merknaden til Statsforvaltaren i Vestland til orientering.

2.Vestland fylkeskommune har elles i brev datert den 01.07.2024 skrive følgjande:

Vestland fylkeskommune sendte ut eit brev dagsett 05.12.23, med innspel og synspunkt til kommunane sitt arbeid med planstrategi. Dette var eit generelt brev, der planseksjonen koordinerte dei ulike fylkeskommunale avdelingane sine interesser og innspel. Om Austrheim kommune har særskilte spørsmål knytt til dette brevet, eller andre konkrete spørsmål, kan de ta kontakt.

Austrheim kommune sin kommentar:

Austrheim kommune tok innhaldet her på alvor når me arbeidet med planframlegget til planstrategien vår. Me har elles ingen spørsmål til fylkeskommunen i denne saka no.

Vurdering

Kommunediektøren vil understreka at planstrategien skal vera eit prioriteringsverktøy, slik at det planarbeidet som har størst effekt for å nå kommunen sine hovudmål og regionale/nasjonale mål vert prioritert. Kommuneplanen sin samfunnsdel 2015-2027 omhandlar godt Austrheim kommunen sine utfordringar, denne samfunnsdelen skal no rullerast. Dette planarbeidet er alt starta opp, planprogrammet vart godkjent i mai 2024. Kommunedirektøren sluttar seg elles til Austrheim kommune sin kommentar til merkandane over.

I planstrategien er det skrive opp planar som kommunestyret ynskjer administrasjonen skal koma i gang med i perioden 2024 – 2027. Sidan kapasiteten til å gjennomføra større planarbeid er avgrensa med omsyn til både administrative og økonomiske ressursar, er det etter kommunedirektøren si vurdering viktig å avgrensa omfanget av planarbeid. Kommuneplanen sin arealdel 2019-2029 vart godkjent den 11. april i 2019. Den fungerer godt og og treng ikkje rullerast no. Arealstrategiar skal vera tema i samfunnsdelen, dette vil gjeva viktige føringar til arealdelen når den skal rullerast. Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland vart godkjent i 2023. Denne nye ferske arealplanen er førande for arealbruken i sjøområda våre.

På side 16 i planstrategien er det ein oversiktleg tabell over kva som er prioriterte planar i perioden 2024-2027. Den demografiske utviklinga gjer at kommunen må arbeida vidare med aldersvenleg samfunnsplanlegging på ulikt vis. I dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging 2023-2027, heiter det at kommunane skal legge til rette for tilstrekkeleg bustadbygging i kommunane, i tråd med lokale og regionale behov.

Utviklingstekk i Austrheim kommune er at innbyggjartalet aukar, det at me alt har mange godkjente reguleringsplanar på plass for næring- og bustadbygging gjer oss handlingsrom. Det er regulert inn mange hundre bustadtomtar i kommunen vår, men også arealdelen som vart godkjent i 2019 gjev føringar for at det kan byggjast nye bustadar i LNF-område for spreidd bustadutbygging, og det i alle bygder i kommunen.

Kommunedirektøren vil opplyse om at kultur og bustadsosial planlegging vil kommuneplanen sin samfunnsdelen ta med seg som viktige tema. Kultur er berebjelken og limet i samfunnet vårt for at innbyggjarane skal leve det gode liv i Austrheim. Klima,- natur- og miljøutfordringar og folkehelse og velferd er tema som vil verta drøfta framover i ulikt planarbeid her. Folkehelse rapport Austrheim kommune 2024 gjev ein god oversikt over livet til innbyggjarane våre og korleis dei har det i dag. Det er lovfesta at kommunane skal ha

oversikt over befolkninga sin helsetilstand. **Folkehelse rapport Austrheim kommune med oppvekstprofil 2024** vart godkjent i kommunestyret våren 2024, den gjev ein god oversikt over folkehelsa i kommunen vår. Kommunedirektøren synes og det er naturleg at tema som kompetanse og rekrutteringsplanlegging innafor helse- og omsorgsfeltet vert teke med i samfunnsplanen, men dette bør koma inn meir utfyllande i plan for helse og velferd.

Noreg har slutta seg til dei 17 berekraftsmåla til FN. Dette er globale mål for ei berekraftig utvikling fram mot 2030. Me skal sikra god helse og fremja livskvalitet for alle, uansett alder. God helse er ei grunnleggande forutsetning for at menneske skal kunna nå sitt fulle potensial og for å bidra til utvikling i samfunnet. Miljø, klima, kultur, økonomi og sosiale forhold påverkar korleis helsa vår er. Det å satsa på førebyggjande tiltak i alle aldersgrupper for å ta vare på folkehelsa kjem godt fram i folkehelse rapporten, dette perspektivet er og med oss i planstrategien og vil vera med oss i planarbeidet med den nye samfunnsdelen med meir.

Kommunedirektøren vil peike på at samfunnstryggleik og beredskap er eit tema som også kommuneplanen sin samfunnsdel vil ta med seg, men dette kjem og inn i anna planarbeid.

Naudsynte reguleringsplanar som dekkar kommunen sine behov framover er med her. Områdeplan for kommunesenteret vert viktig å få på plass, men og reguleringsplanar som omhandlar trafikktryggleik langs fylkesveg 565.

Kommunedirektøren meiner elles det er viktig at kommunestyret følgjer opp planarbeidet med økonomiske ressursar framover. Innhaldet i planstrategien viser planbehova våre. Kommunedirektøren meiner at planstrategien som har vore på høyring no kan godkjennast.

Økonomiske konsekvensar

Sjølve planstrategien har ingen økonomiske konsekvensar for kommunen. Dette er ein plan for kva planar Austrheim kommune bør gjera, men det er og ein tinging frå kommunestyret til kommunedirektøren. Kvar plan som er med her må eventuelt få eit budsjett og/eller ein arbeidsressurs/tilsett for at planarbeid skal gjerast. Nye planar kan og verta tinga, som ikkje er med i planstrategien.

Miljømessige konsekvensar

Planstrategien har ingen uheldige miljømessige konsekvensar. Men miljø er tema i mange planar, så såleis utløyser truleg planarbeidet som er med i planstrategien positive miljømessige konsekvensar.

Kommunedirektøren si tilråding

Planstrategi 2024 – 2027 for Austrheim kommune kan godkjennast.

Vedlegg

- 1 Statsforvaltaren i Vestland - uttale til høyring av kommunal planstrategi 2024-2027
- 2 Vestland fylkeskommune svar på høyring - planstrategi 2024-2027
- 3 Planstrategien 2024-2027